

---

**Saksnr:** 2022/486-38**Saksbehandlar:** Ingrid Fagerheim Sættem

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 18/22	E-post 08.06.2022

## Høyringsfråsegn – Endringar i opptaksforskrifta og fagskuleforskrifta

### Forslag til vedtak

1. Det vert gitt høyringsfråsegn om endringar i opptaksforskrifta og fagskuleforskrifta slik det kjem fram av saka.

### Samandrag

Kunnskapsdepartementet har sendt forslag til endringar i opptaksforskrifta og fagskuleforskrifta for personar med opphaldsløyve etter utlendingslova kapittel 4 på høyring med frist 10.06.2022. Dei føreslåtte endringane har bakgrunn i krigen i Ukraina, og har som føremål å leggje til rette for at flyktningar kan få tilgang til høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning i Noreg.

**Torbjørn Mjelstad**  
rektor

**Adeline Berntsen Landro**  
prorektor

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kunnskapsdepartementet har sendt forslag til endringar i opptaksforskrifta og fagskuleforskrifta for personar med opphaldsløyve etter utlendingslova kapittel 4 på høyring med frist 10.06.2022. Dei føreslåtte endringane har bakgrunn i krigen i Ukraina, og har som føremål å leggje til rette for at flyktingar kan få tilgang til høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning i Noreg.

Høyringsnotatet finn ein her:

[https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing4/id2915673/?utm\\_source=regjeringen.no&utm\\_medium=email&utm\\_campaign=nyhetsvarsel20220528](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing4/id2915673/?utm_source=regjeringen.no&utm_medium=email&utm_campaign=nyhetsvarsel20220528)

Departementet ønskjer å gje utdanningsinstitusjonane ein mellombels heimel for studieåret 2022/2023 som opnar for at universitet, høgskular og fagskular i særskilde tilfelle kan gjere unntak frå dei formelle opptakskrava for personar som institusjonen meiner har naudsynte kvalifikasjonar og faglege føresetnader for å gjennomføre eit studium på høgare nivå. Dei formelle opptakskrava til høgare yrkesfagleg utdanning for ein søkjar utanfor Norden er i utgangspunktet generell studiekompetanse frå treårig vidaregåande skule, treårig yrkesfagleg opplæring eller relevant fag- eller sveinebrev frå heimlandet, som er på nivå med norsk vidaregåande opplæring. I tillegg må søkjaren dokumentere kunnskapar i norsk, jf. fagskuleforskrifta § 9.

Forslaget til endringane i opptaksregelverket inneber altså at fagskulen kan gjere unntak frå dei formelle opptakskrava. Fagskulen må i staden gjere ei konkret, individuell vurdering av søkjaren sine kvalifikasjonar og faglege føresetnader opp mot utdanninga som søkjaren ønskjer å studere. Søkjarar som ikkje har dei naudsynte faglege føresetnadene kan ikkje få opptak. Forslaget til endringar vil gjelde for alle med opphaldsløyve etter utlendingslova kapittel 4.

Fagskulen ønskjer å komme med merknader til departementet sitt forslag til endringar. Merknadene er knytt til unntaket frå språkkravet og dei økonomiske og administrative konsekvensane ved dei føreslegne endringane. Fagskulen Vestland vil gje følgjande høyringsfråsegn til departementet:

Fagskulen Vestland viser til høyringsbrev datert 27. mai 2022 med forslag til endringar i opptaksforskrifta og fagskuleforskrifta for personar med opphaldsløyve etter utlendingslova kapittel 4.

Fagskulen Vestland vil nytte anledninga til å komme med merknader til departementet sitt forslag.

#### **Unntak frå språkkravet i fagskuleforskrifta § 9**

Fagskulen Vestland oppfattar forslaget om å gjere unntak frå språkkravet i fagskuleforskrifta § 9 som uklårt. Departementet grunnir manglande auka løyving til fagskulesektoren med at det vil vere få søkjarar med opphaldsløyve som er aktuelle for opptak til høgare yrkesfagleg utdanning, på grunn av få utdanningstilbod på engelsk. Fagskulen tolkar departementet sine slutningar som at den aktuelle gruppa med søkjarar ikkje er kvalifisert for opptak, fordi fagskuleutdanningane er på norsk. Samstundes legg departementet fram forslag om å gjere unntak nettopp frå kravet om dokumenterte kunnskapar i norsk for den aktuelle gruppa. Fagskulen finn det derfor uklårt korleis den føreslåtte endringa om å gjere unntak frå språkkravet skal praktiserast.

#### **Auka løyving for opptak av personar med opphaldsløyve etter utlendingslova kapittel 4**

Fagskulen Vestland stiller seg uforståande til at det ikkje er føreslått auka løyving for opptak av flyktingar til høgare yrkesfagleg utdanning, og at departementet meiner at endringane i liten grad vil føre med seg administrative og økonomiske konsekvensar for fagskulane. Til samanlikning er det føreslått å auke løyvinga i universitets- og høgskulesektoren med 47,8 mill. kroner i 2022.

Dersom det vert gjort unntak i opptakskrava i fagskuleforeskrifta slik som det er føreslått i høyringa, vil dette utløyse ein rett for denne søkjargruppa til å få sin søknad særskilt vurdert. Dette vil krevje større grad av administrasjon i handsaming av søknaden, uavhengig av om søkjaren vert vurdert som kvalifisert. Basert på dette meiner Fagskulen Vestland at det bør følgje ei behovsbasert kompensasjonsordning for å styrke administrasjon knytt til opptak i tråd med høyringsforslaget.

### **Vedtakskompetanse**

Høyring om endringar i opptaksforskrifta og fagskuleforskrifta er ei open høyring.

### **Konklusjon**

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå at det vert gitt høyringsfråsegn om endringar i opptaksforskrifta og fagskuleforskrifta slik det kjem fram av saka.